



Arkiv nr:

Sak nr 10/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til framføring av EL-anlegg til Fnr 318, Baklia

Valdres Energiverk søker om å få føre fram straum (lågspenning) til ei hytte – Fnr 318 frå næraste lågspenning nær Fossheim stølen. Tiltaket er eit grunn disponeringstiltak etter §12 i fjellova og Statskog avgjer søknaden. Fjellstyret skal gi uttale til grunn disponeringstiltak.

Fjellova §12: Iverksetjing av grunn disponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern.

Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Grunn disponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.

Valdres Energiverk søker primært om kortaste veg, som er logisk grunna kostnader. Imidlertid må Fjellstyret vurdere om det å grave kabel ned over ei potensiell utviding av nærliggande støljerde er hensiktsmessig, sett opp i mot den auka kostnaden å føre fram kabel langs etablerte vegar.


Valdres energiverk har følgjande «måltal» for kabelgraving av lågspenning

Ca 250 kr pr meter grøft (gravekostnad)

Ca 35,- kr pr meter for kabel

Ca 35 kr pr meter for trekkerør

Oppsummert gjev dette ein kostnad på kr ca 320 pr meter grøft ferdig lagt kabel.



Jfr vedlagt kart er raud strek ynskja trase frå Valdres Energi, som er totalt 145 meter

Den blå streken er trase som administrasjonen foreslår, som følgjer etablerte vegar og har ei total lengde på ca 190 meter. Dette er i tråd med det som Statskog skriv ved oversending av saka.

Skilnaden er 45 meter, og med ein meterspris på ca 320 kr vert dette eit ekstra utlegg på kr 14 400,- for den som skal legge inn straum på hytta.

Fjellstyret må da vurdere dei ulempene som eks eit meirutlegg på snau 15 000,- som framføring av straum langs eksisterande veg medfører for hytte Fnr 318, sett opp i mot dei potensielle fordelene det kan ha dersom det kjem ein søknad om eks utviding av nærliggande støljerde. Når ein EL-kabel berre ligg 60 cm under jorda, vil dette kunne vere ein viss ulempe dersom jorda skal bearbeidast.

Oppsummert finn administrasjonen at ei meirutgift på snau 15 000,- er ei lita ulempe sett opp i mot det å legge straumtilførsel langs eksisterande vegar slik at utmarka kan fritt disponerast til andre tiltak for bruksberettiga. Dette er og i tråd med den holdning Statskog har vist ved oversending av saka.

I tillegg er det registrert «naturbeitemark» gjennom kartlegging av naturmangfald. Den har verdi «viktig», slik at den bør då hensyntakast i størst mogleg grad. Dette vil være nok ein grunn for å grave kabel langs eksisterande veg, der det allereie er gjennomført gravetiltak i grunnen.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret er positiv til at Valdres Energiverk kan føre fram straum til hyttefeste 318, men tilrår at kabel vert ført fram langs eksisterande vegnett for ikkje å legge beslag på unødig utmarksareal samt at det tas omsyn til naturtype: «naturbeitemark id BN00027552».

Ein føresett at tiltaket er avklare i høve til naturfangfald lova.

Vedtak

Fjellstyret er positiv til at Valdres Energiverk kan føre fram straum til hyttefeste 318, men tilrår at kabel vert ført fram langs eksisterande vegnett for ikkje å legge beslag på unødig utmarksareal samt at det tas omsyn til naturtype: «naturbeitemark id BN00027552».

Ein føresett at tiltaket er avklare i høve til naturfangfald lova.

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog